



Prop. 1 S Tillegg 1

(2024–2025)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2025

Endring av Prop. 1 S (2024–2025) Statsbudsjettet 2025 under Kommunal- og distriktsdepartementet og Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (auka løyvingar til kommunar, fylkeskommunar og statsforvaltarar)

*Tilråding frå Kommunal- og distriktsdepartementet 1. november 2024,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Innleiing

I denne proposisjonen legg regjeringa fram forslag til auke i løyvingane til kommunar, fylkeskommunar og statsforvaltarar samanlikna med forslaget i Prop. 1 S (2024–2025). Bakgrunnen er den aktuelle situasjonen i kommuneøkonomien, jf. nærare omtale i pkt. 2 og 3.

Det blir òg foreslått å rette opp ein feil i forslaget i Prop. 1 S (2024–2025) om løyving av rammetilskot til kommunane, sjå pkt. 4.

2 Situasjonen i kommuneøkonomien

Kommunane og fylkeskommunane har ansvar for mange store og viktige oppgåver. Kommunane har mellom anna ansvar for barnehage, skule, barnevern, helse- og omsorgstenester og sosiale tenester. Fylkeskommunane har tunge oppgåver som mellom anna vidaregåande opplæring, kollektivtransport inklusive ferjer og fylkesvegar.

Kommuneøkonomien er derfor svært viktig for tenestetilbodet til innbygarane.

I perioden 2015–2022 har netto driftsresultat for kommunesektoren stort sett vore godt over tilrådinga frå Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) om at driftsresultata bør ligge på 2 prosent av inntektene over tid. Dei gode resultatata kom for ein stor del av at skatteinntektene vart betydeleg høgare enn lagt til grunn i dei årlege budsjetta, og har gjort at sektoren har bygd opp store disposisjonsfond.

I 2023 vart resultatet for kommunesektoren samla 1,3 prosent. Dette var svakare enn åra før, og under tilrådinga frå TBU.

Den økonomiske situasjonen i 2024 ser ut til å bli meir krevjande for kommunesektoren enn opphaleg lagt til grunn. Anslaga for kostnadsvekst og meirkostnader til demografi og pensjon har vorte oppjustert gjennom året, og vart i nasjonalbudsjettet for 2025 anslått til 3,5 mrd. kroner høgare enn i nasjonalbudsjettet for 2024. Samstundes var det i nasjonalbudsjettet for 2025

anslått at skatteinntektene ville bli 2,5 mrd. kroner lågare enn tidlegare lagt til grunn. Regjeringa omtalte i Prop. 1 S (2024–2025) at driftsresultata for kommunane kunne bli svake i 2024. I arbeidet med 2025-budsjettet var det derfor viktig for regjeringa å gi sektoren eit større handlingsrom enn det som vart signalisert i kommuneproposisjonen, og det vart derfor foreslått ein høgare vekst i kommunesektoren sine frie inntekter.

Utover hausten har regjeringa fått informasjon som tilseier at situasjonen i 2024 er meir alvorleg enn det som var kjent då talgrunnlaget for statsbudsjettet for 2025 vart utarbeidd. Oppdaterte berekningar tilseier no ein skattesvikt på 5–7 mrd. kroner i 2024. I starten av oktober fekk departementet KS si undersøking av rapportar for 2. tertial som indikerer utgifter på tenestemråda som er betydeleg høgare enn det kommunane og fylkeskommunane har budsjettert med, særleg innan pleie og omsorg, helse og sosiale tenester. Utgiftsveksten er også vesentleg høgare enn det anslaga for deflator og meirkostnader til demografi og pensjon tilseier, og kan indikere at aktivitetsveksten har vore høgare enn det kommunane og fylkeskommunane budsjetterte med.

Lågare skatteinntekter i 2024 etter revidert nasjonalbudsjett påverkar ikkje inntektene til sektoren i 2025, sidan inntektsveksten i 2025 er rekna frå inntektsnivået i 2024 slik det var anslått i revidert nasjonalbudsjett. Høgare driftsutgifter kan derimot ha meir varig karakter.

Basert på mellom anna undersøkinga av rapportar for 2. tertial og anslag for lågare skatteinntekter, anslår KS at driftsresultatet for kommunesektoren samla kan bli negativt i 2024. KS har estimert eit mogleg negativt driftsresultat på om lag 15 mrd. kroner, noko som vil svare til om lag 2 prosent for sektoren samla. utfordringane ser ut til å vere noko større i kommunane enn i fylkeskommunane.

3 Regjeringa sine vurderingar

To av dei sentrale prinsippa i den økonomiske styringa av kommunesektoren er rammestyring og balansekravet. Rammestyring inneber at Stortinget fastset inntektsramma, medan kommunar og fylkeskommunar må innrette utgiftene etter denne inntektsramma. Det betyr at kommunane og fylkeskommunane sjølve gjennom god økonomistyring er ansvarlege for å tilpasse aktiviteten til inntektene.

Oppdatert informasjon indikerer at utgiftene inneverande år ligg an til å bli betydeleg høgare

enn inntektene. Endelege resultat for 2024 vil ikkje vere klare før rekneskapane ligg føre. Det er derfor uvisse kring kor svake resultata blir. Teikna på ein betydeleg ubalanse er likevel sterke.

Då statsbudsjettet vart lagt fram, varsla regjeringa at ein om kort tid ville kome attende til handteringa av den krevjande situasjonen i kommuneøkonomien inneverande år. Regjeringa vil i nysalderinga fremje forslag om ei tilleggsloyving i rammetilskota til kommunar og fylkeskommunar på 5 mrd. kroner i 2024, fordelt med 4,3 mrd. kroner til kommunane og 0,7 mrd. kroner til fylkeskommunane. Denne auken vil bli fordelt med eit likt beløp per innbyggjar.

Tilleggsloyvingar i nysalderinga er eittårige, og blir i utgangspunktet ikkje ført vidare til 2025. Samstundes tar sektoren med seg mykje av ubalansen frå 2024 inn i 2025, og situasjonen ser som nemnt ut til å vere meir alvorleg enn då talgrunnlaget for statsbudsjettet for 2025 vart utarbeidd. Regjeringa har foreslått ein realvekst i dei frie inntektene til kommunesektoren i 2025 på 6,8 mrd. kroner i Prop. 1 S (2024–2025). Med dette er det anslått at sektoren vil få eit handlingsrom på 3,6 mrd. kroner utover anslåtte meirkostnader til demografi og pensjon. Kommunane og fylkeskommunane sitt arbeid med budsjetta for 2025 vil likevel bli krevjande. Disposisjonsfonda i sektoren er store, men ujamt fordelte. Kommunar og fylkeskommunar som har negative resultat, men tilstrekkelege disposisjonsfond, kan tære på desse, men aktivitetsnivået må uansett til slutt bli tilpassa inntektene. Viss det ikkje er tilstrekkelege fond å tære på, vil det oppstå eit meirforbruk, som i tråd med balansekravet i kommunelova må hentast inn i løpet av to år. Det må derfor påreknast at ein krevjande situasjon i 2024 kan ha ein betydeleg negativ verknad på tenestetilbodet i budsjetta til kommunane og fylkeskommunane for 2025.

Det er kommunane og fylkeskommunane sitt ansvar å tilpasse utgifter til inntekter gjennom å omstille og effektivisere for at drifta skal bli berekraftig over tid. Samstundes tar regjeringa situasjonen på alvor. Situasjonen i kommunesektoren ser ut til å vere ekstraordinær, og av omsyn til tenestetilbodet til innbyggerane vil regjeringa bidra. Regjeringa har tillit til at kommunane og fylkeskommunane gjennom god økonomistyring og gode prioriteringar vil handtere situasjonen på ein god måte innanfor dei samla rammene dei no får stilt til disposisjon.

Etter ei heilskapleg vurdering foreslår regjeringa å auke veksten i kommunesektoren sine frie

inntekter i 2025 med 5 mrd. kroner samanlikna med forslaget i Prop. 1 S (2024–2025). Regjeringa foreslår å fordele auken med 4,3 mrd. kroner til kommunane og 700 mill. kroner til fylkeskommunane. Med dette forslaget og forslaget i Prop. 1 S (2024–2025) legg regjeringa opp til ein samla realvekst i frie inntekter i 2025 på 11,8 mrd. kroner. Dette gir eit handlingsrom på 8,6 mrd. kroner etter at meirkostnader til demografi og pensjon er dekte. Ut frå forholda i den enkelte kommune og fylkeskommune kan handlingsrommet bli brukt til å styrkje balansen og/eller til å utvikle tenestetilbodet.

Auken blir fordelt til kommunane og fylkeskommunane med eit likt kronebeløp per innbyggjar.

Statsforvaltarane gjer ein viktig jobb med å følgje opp kommunar i ubalanse. I samband med den krevjande situasjonen vil det vere behov for tettare og hyppigare oppfølging frå embeta. Regjeringa foreslår 15 mill. kroner i auka løyving til statsforvaltarane i 2025.

4 Redusert stønadperiode for kontantstøtte

I statsbudsjettet for 2024 vart det lagt til grunn at ein reduksjon i stønadperioden for kontantstøtte frå 1. august 2024 ville føre til auka etterspørsel etter barnehageplass. Som kompensasjon for dette vart rammetilskotet til kommunane auka med 119,7 mill. kroner i 2024-budsjettet, jf. omtale av endringa i Prop. 1 S (2023–2024) for Barne- og familiedepartementet. Ved ein feil er ikkje heilårsverknaden av dette tiltaket kompensert i forslaget til statsbudsjett for 2025. Det blir derfor foreslått å auke rammetilskotet til kommunane med 198,1 mill. kroner. Auken blir foreslått fordelt

etter delkostnadsnøkkelen for barnehage. I tillegg kjem ein auke på 50 000 kroner til Svalbardbudsjettet på kap. 480, post 50, jf. Prop. 1 S Tillegg 2 (2024–2025).

5 Endringar i budsjettforslaget for 2025

Kap. 571 Rammetilskot til kommunar

Post 60 Innbyggartilskot

Regjeringa foreslår å styrkje kommuneøkonomien med ein auke i innbyggartilskotet til kommunane med 4,3 mrd. kroner. Vidare blir det foreslått ei løyving på 198,1 mill. kroner for å rette opp ein feil i Prop. 1 S (2024–2025).

Samanlikna med forslaget i Prop. 1 S (2024–2025) foreslår regjeringa å auke løyvinga med i alt 4 498,1 mill. kroner til 185 732,3 mill. kroner.

Kap. 572 Rammetilskot til fylkeskommunar

Post 60 Innbyggartilskot

Samanlikna med forslaget i Prop. 1 S (2024–2025) foreslår regjeringa å auke løyvinga med 700 mill. kroner til 51 785,7 mill. kroner.

Kap. 1520 Statsforvaltarane

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga skal dekke ordinære løns- og driftsutgifter for statsforvaltarane og Statsforvaltarens fellestenester. I Prop. 1 S (2024–2025) er det foreslått å løyve 2 388,2 mill. kroner. Det blir foreslått å auke løyvinga med 15 mill. kroner, til 2 403,2 mill. kroner, jf. omtalen i pkt. 3.

Endring av Prop. 1 S (2024–2025) Statsbudsjettet 2025 under Kommunal- og distriktsdepartementet og Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (auka løyvingar til kommunar, fylkeskommunar og statsforvaltarar)

Kommunal- og distriktsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endring av Prop. 1 S (2024–2025) Statsbudsjettet 2025 under Kommunal- og distriktsdepartementet og Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (auka løyvingar til kommunar, fylkeskommunar og statsforvaltarar).

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endring av Prop. 1 S (2024–2025) Statsbudsjettet 2025 under Kommunal- og distriktsdepartementet og Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (auka løyvingar til kommunar, fylkeskommunar og statsforvaltarar) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endring av Prop. 1 S (2024–2025)
Statsbudsjettet 2025 under Kommunal- og distrikts-
departementet og Digitaliserings- og forvaltnings-
departementet (auka løyvingar til kommunar,
fylkeskommunar og statsforvaltarar)

I

I statsbudsjettet for 2025 blir det løyvd under følgjande kapittel:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
571		Rammetilskot til kommunar:	
	60	Innbyggartilskot	185 732 264 000
		mot tidlegare foreslått kr 181 234 164 000	
572		Rammetilskot til fylkeskommunar:	
	60	Innbyggartilskot	51 785 676 000
		mot tidlegare foreslått kr 51 085 676 000	
1520		Statsforvaltarane:	
	01	Driftsutgifter	2 403 248 000
		mot tidlegare foreslått kr 2 388 248 000	

Vedlegg 1**Fordeling av auke i rammetilskotet til kommunar og fylkeskommunar**

Dette vedlegget viser fordelinga av den foreslåtte auken i rammetilskotet på 5 mrd. kroner i 2025. Auken er fordelt med 4,3 mrd. kroner til kommunane, og 0,7 mrd. kroner til fylkeskommunane. Auken blir fordelt til kommunane og fylkeskom-

munane med eit likt kronebeløp per innbyggjar. Det er nytta innbyggartal per 1. juli 2024. Tabell 1.1 viser fordelinga per fylkeskommune, og tabell 1.2 viser fordelinga per kommune.

Tabell 1.1 Fordeling av auke i innbyggartilskotet til fylkeskommunane, fordelt med eit likt beløp per innbyggjar. Tal i 1000 kr.

Fylkeskommune	Innbyggjarar per 1.7.2024	Beløp per fylkeskommune (1 000 kr)
03 Oslo	720 616	90 534
11 Rogaland	502 285	63 104
15 Møre og Romsdal	271 376	34 094
18 Nordland	243 328	30 570
31 Østfold	313 533	39 390
32 Akershus	735 337	92 383
33 Buskerud	270 541	33 989
34 Innlandet	376 849	47 345
39 Vestfold	257 263	32 321
40 Telemark	177 560	22 308
42 Agder	320 675	40 288
46 Vestland	652 944	82 032
50 Trøndelag	484 720	60 897
55 Troms	169 864	21 341
56 Finnmark	74 850	9 404
Sum	5 571 741	700 000

Tabell 1.2 Fordeling av auke i innbyggartilskotet til kommunane, fordelt med eit likt beløp per innbyggjar. Tal i 1 000 kr.

Kommune	Innbyggjarar per 1.7.2024	Beløp per kommune <i>(1 000 kr)</i>
0301 Oslo	720 616	556 145
1101 Eigersund	15 301	11 809
1103 Stavanger	149 448	115 337
1106 Haugesund	38 381	29 621
1108 Sandnes	84 439	65 166
1111 Sokndal	3 372	2 602
1112 Lund	3 250	2 508
1114 Bjerkreim	2 894	2 233
1119 Hå	19 973	15 414
1120 Klepp	21 093	16 279
1121 Time	20 036	15 463
1122 Gjesdal	12 490	9 639
1124 Sola	28 857	22 270
1127 Randaberg	11 821	9 123
1130 Strand	13 791	10 643
1133 Hjelmeland	2 666	2 057
1134 Suldal	3 933	3 035
1135 Sauda	4 613	3 560
1144 Kvitsøy	541	418
1145 Bokn	891	688
1146 Tysvær	11 690	9 022
1149 Karmøy	43 579	33 632
1151 Utsira	219	169
1160 Vindafjord	9 007	6 951
1505 Kristiansund	24 534	18 934
1506 Molde	32 989	25 459
1508 Ålesund	58 799	45 378
1511 Vanylven	3 035	2 342
1514 Sande	2 430	1 875
1515 Herøy	9 022	6 963
1516 Ulstein	8 853	6 832
1517 Hareid	5 309	4 097

Endring av Prop. 1 S (2024–2025) Statsbudsjettet 2025 under Kommunal- og distriktsdepartementet og Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (auka løyvingar til kommunar, fylkeskommunar og statsforvaltarar)

Tabell 1.2 Fordeling av auke i innbyggartilskotet til kommunane, fordelt med eit likt beløp per innbyggjar. Tal i 1 000 kr.

Kommune	Innbyggjarar per 1.7.2024	Beløp per kommune <i>(1 000 kr)</i>
1520 Ørsta	11 029	8 512
1525 Stranda	4 360	3 365
1528 Sykkylven	7 619	5 880
1531 Sula	9 749	7 524
1532 Giske	8 756	6 757
1535 Vestnes	7 155	5 522
1539 Rauma	7 134	5 506
1547 Aukra	3 729	2 878
1554 Averøy	5 989	4 622
1557 Gjemnes	2 698	2 082
1560 Tingvoll	3 074	2 372
1563 Sunndal	7 271	5 611
1566 Surnadal	5 966	4 604
1573 Smøla	2 176	1 679
1576 Aure	3 416	2 636
1577 Volda	10 980	8 474
1578 Fjord	2 512	1 939
1579 Hustadvika	13 407	10 347
1580 Haram	9 385	7 243
1804 Bodø	53 586	41 355
1806 Narvik	21 610	16 678
1811 Bindal	1 384	1 068
1812 Sømna	1 986	1 533
1813 Brønnøy	7 845	6 054
1815 Vega	1 203	928
1816 Vevelstad	473	365
1818 Herøy	1 872	1 445
1820 Alstahaug	7 494	5 784
1822 Leirfjord	2 335	1 802
1824 Vefsn	13 508	10 425
1825 Grane	1 439	1 111
1826 Hattfjelldal	1 291	996

Endring av Prop. 1 S (2024–2025) Statsbudsjettet 2025 under Kommunal- og distriktsdepartementet og Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (auka løyvingar til kommunar, fylkeskommunar og statsforvaltarar)

Tabell 1.2 Fordeling av auke i innbyggartilskotet til kommunane, fordelt med eit likt beløp per innbyggjar. Tal i 1 000 kr.

Kommune	Innbyggjarar per 1.7.2024	Beløp per kommune <i>(1 000 kr)</i>
1827 Dønna	1 429	1 103
1828 Nesna	1 766	1 363
1832 Hemnes	4 466	3 447
1833 Rana	26 013	20 076
1834 Lurøy	1 917	1 479
1835 Træna	446	344
1836 Rødøy	1 149	887
1837 Meløy	6 153	4 749
1838 Gildeskål	1 981	1 529
1839 Beiarn	1 056	815
1840 Saltdal	4 808	3 711
1841 Fauske	9 758	7 531
1845 Sørfold	1 865	1 439
1848 Steigen	2 659	2 052
1851 Lødingen	2 033	1 569
1853 Evenes	1 355	1 046
1856 Røst	465	359
1857 Værøy	669	516
1859 Flakstad	1 231	950
1860 Vestvågøy	11 612	8 962
1865 Vågan	9 865	7 613
1866 Hadsel	8 339	6 436
1867 Bø	2 648	2 044
1868 Øksnes	4 596	3 547
1870 Sortland	10 742	8 290
1871 Andøy	4 564	3 522
1874 Moskenes	955	737
1875 Hamarøy	2 762	2 132
3101 Halden	31 994	24 691
3103 Moss	52 358	40 407
3105 Sarpsborg	60 096	46 379
3107 Fredrikstad	85 543	66 018

Endring av Prop. 1 S (2024–2025) Statsbudsjettet 2025 under Kommunal- og distriktsdepartementet og Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (auka løyvingar til kommunar, fylkeskommunar og statsforvaltarar)

Tabell 1.2 Fordeling av auke i innbyggartilskotet til kommunane, fordelt med eit likt beløp per innbyggjar. Tal i 1 000 kr.

Kommune	Innbyggjarar per 1.7.2024	Beløp per kommune <i>(1 000 kr)</i>
3110 Hvaler	4 804	3 707
3112 Råde	7 859	6 065
3114 Våler	6 132	4 732
3116 Skiptvet	3 939	3 040
3118 Indre Østfold	47 320	36 519
3120 Rakkestad	8 494	6 555
3122 Marker	3 634	2 805
3124 Aremark	1 360	1 050
3201 Bærum	131 732	101 664
3203 Asker	99 661	76 914
3205 Lillestrøm	94 989	73 308
3207 Nordre Follo	64 178	49 529
3209 Ullensaker	44 473	34 322
3212 Nesodden	20 622	15 915
3214 Frogn	16 313	12 590
3216 Vestby	19 652	15 166
3218 Ås	22 050	17 017
3220 Enebakk	11 496	8 872
3222 Lørenskog	49 203	37 972
3224 Rælingen	20 458	15 788
3226 Aurskog-Høland	18 205	14 050
3228 Nes	24 859	19 185
3230 Gjerdrum	7 450	5 750
3232 Nittedal	25 981	20 051
3234 Lunner	9 430	7 278
3236 Jevnaker	7 052	5 442
3238 Nannestad	16 323	12 597
3240 Eidsvoll	28 196	21 760
3242 Hurdal	3 014	2 326
3301 Drammen	105 043	81 067
3303 Kongsberg	28 916	22 316
3305 Ringerike	31 710	24 472

Tabell 1.2 Fordeling av auke i innbyggartilskotet til kommunane, fordelt med eit likt beløp per innbyggjar. Tal i 1 000 kr.

Kommune	Innbyggjarar per 1.7.2024	Beløp per kommune <i>(1 000 kr)</i>
3310 Hole	6 985	5 391
3312 Lier	28 666	22 123
3314 Øvre Eiker	20 844	16 086
3316 Modum	14 617	11 281
3318 Krødsherad	2 241	1 729
3320 Flå	1 139	879
3322 Nesbyen	3 271	2 524
3324 Gol	4 878	3 765
3326 Hemsedal	2 662	2 054
3328 Ål	4 860	3 751
3330 Hol	4 505	3 477
3332 Sigdal	3 505	2 705
3334 Flesberg	2 808	2 167
3336 Rollag	1 412	1 090
3338 Nore og Uvdal	2 479	1 913
3401 Kongsvinger	18 131	13 993
3403 Hamar	33 128	25 567
3405 Lillehammer	28 804	22 230
3407 Gjøvik	30 985	23 913
3411 Ringsaker	35 838	27 658
3412 Løten	7 933	6 122
3413 Stange	21 705	16 751
3414 Nord-Odal	4 993	3 853
3415 Sør-Odal	8 161	6 298
3416 Eidskog	6 056	4 674
3417 Grue	4 524	3 491
3418 Åsnes	7 314	5 645
3419 Våler	3 580	2 763
3420 Elverum	21 809	16 831
3421 Trysil	6 564	5 066
3422 Åmot	4 213	3 251
3423 Stor-Elvdal	2 275	1 756

Endring av Prop. 1 S (2024–2025) Statsbudsjettet 2025 under Kommunal- og distriktsdepartementet og Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (auka løyvingar til kommunar, fylkeskommunar og statsforvaltarar)

Tabell 1.2 Fordeling av auke i innbyggartilskotet til kommunane, fordelt med eit likt beløp per innbyggjar. Tal i 1 000 kr.

Kommune	Innbyggjarar per 1.7.2024	Beløp per kommune <i>(1 000 kr)</i>
3424 Rendalen	1 837	1 418
3425 Engerdal	1 335	1 030
3426 Tolga	1 599	1 234
3427 Tynset	5 728	4 421
3428 Alvdal	2 510	1 937
3429 Folldal	1 524	1 176
3430 Os	1 903	1 469
3431 Dovre	2 513	1 939
3432 Lesja	1 975	1 524
3433 Skjåk	2 146	1 656
3434 Lom	2 217	1 711
3435 Vågå	3 530	2 724
3436 Nord-Fron	5 596	4 319
3437 Sel	5 649	4 360
3438 Sør-Fron	3 107	2 398
3439 Ringebu	4 381	3 381
3440 Øyer	5 121	3 952
3441 Gausdal	6 174	4 765
3442 Østre Toten	14 842	11 454
3443 Vestre Toten	13 675	10 554
3446 Gran	13 674	10 553
3447 Søndre Land	5 638	4 351
3448 Nordre Land	6 495	5 013
3449 Sør-Aurdal	2 844	2 195
3450 Etnedal	1 276	985
3451 Nord-Aurdal	6 480	5 001
3452 Vestre Slidre	2 119	1 635
3453 Øystre Slidre	3 306	2 551
3454 Vang	1 642	1 267
3901 Horten	28 040	21 640
3903 Holmestrand	26 969	20 813
3905 Tønsberg	59 412	45 851

Tabell 1.2 Fordeling av auke i innbyggartilskotet til kommunane, fordelt med eit likt beløp per innbyggjar. Tal i 1 000 kr.

Kommune	Innbyggjarar per 1.7.2024	Beløp per kommune <i>(1 000 kr)</i>
3907 Sandefjord	66 562	51 369
3909 Larvik	48 698	37 583
3911 Færder	27 582	21 286
4001 Porsgrunn	37 189	28 701
4003 Skien	56 850	43 874
4005 Notodden	13 336	10 292
4010 Siljan	2 376	1 834
4012 Bamble	14 347	11 072
4014 Kragerø	10 491	8 096
4016 Drangedal	4 083	3 151
4018 Nome	6 559	5 062
4020 Midt-Telemark	10 875	8 393
4022 Seljord	2 989	2 307
4024 Hjartdal	1 655	1 277
4026 Tinn	5 517	4 258
4028 Kviteseid	2 466	1 903
4030 Nissedal	1 467	1 132
4032 Fyresdal	1 260	972
4034 Tokke	2 245	1 733
4036 Vinje	3 855	2 975
4201 Risør	6 716	5 183
4202 Grimstad	25 127	19 392
4203 Arendal	46 537	35 915
4204 Kristiansand	117 238	90 479
4205 Lindesnes	23 749	18 328
4206 Farsund	9 864	7 613
4207 Flekkefjord	9 324	7 196
4211 Gjerstad	2 487	1 919
4212 Vegårshei	2 239	1 728
4213 Tvedestrand	6 443	4 972
4214 Froland	6 272	4 840
4215 Lillesand	11 622	8 969

Endring av Prop. 1 S (2024–2025) Statsbudsjettet 2025 under Kommunal- og distriktsdepartementet og Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (auka løyvingar til kommunar, fylkeskommunar og statsforvaltarar)

Tabell 1.2 Fordeling av auke i innbyggartilskotet til kommunane, fordelt med eit likt beløp per innbyggjar. Tal i 1 000 kr.

Kommune	Innbyggjarar per 1.7.2024	Beløp per kommune <i>(1 000 kr)</i>
4216 Birkenes	5 487	4 235
4217 Åmli	1 803	1 391
4218 Iveland	1 387	1 070
4219 Evje og Hornnes	3 840	2 964
4220 Bygland	1 172	904
4221 Valle	1 201	927
4222 Bykle	1 030	795
4223 Vennesla	15 598	12 038
4224 Åseral	927	715
4225 Lyngdal	10 796	8 332
4226 Hægebostad	1 780	1 374
4227 Kvinesdal	6 159	4 753
4228 Sirdal	1 877	1 449
4601 Bergen	292 280	225 568
4602 Kinn	17 388	13 419
4611 Etne	4 083	3 151
4612 Sveio	5 767	4 451
4613 Bømlo	12 301	9 493
4614 Stord	19 336	14 923
4615 Fitjar	3 183	2 456
4616 Tysnes	2 952	2 278
4617 Kvinnherad	13 145	10 145
4618 Ullensvang	11 005	8 493
4619 Eidfjord	969	748
4620 Ulvik	1 095	845
4621 Voss	16 432	12 681
4622 Kvam	8 502	6 561
4623 Samnanger	2 492	1 923
4624 Bjørnafjorden	26 191	20 213
4625 Austevoll	5 367	4 142
4626 Øygarden	40 036	30 898
4627 Askøy	30 272	23 362

Tabell 1.2 Fordeling av auke i innbyggartilskotet til kommunane, fordelt med eit likt beløp per innbyggjar. Tal i 1 000 kr.

Kommune	Innbyggjarar per 1.7.2024	Beløp per kommune <i>(1 000 kr)</i>
4628 Vaksdal	3 867	2 984
4629 Modalen	389	300
4630 Osterøy	8 193	6 323
4631 Alver	30 163	23 278
4632 Austrheim	2 916	2 250
4633 Fedje	526	406
4634 Masfjorden	1 701	1 313
4635 Gulen	2 270	1 752
4636 Solund	741	572
4637 Hyllestad	1 273	982
4638 Høyanger	3 879	2 994
4639 Vik	2 553	1 970
4640 Sogndal	12 340	9 523
4641 Aurland	1 830	1 412
4642 Lærdal	2 174	1 678
4643 Årdal	5 214	4 024
4644 Luster	5 421	4 184
4645 Askvoll	2 967	2 290
4646 Fjaler	2 896	2 235
4647 Sunnfjord	22 588	17 432
4648 Bremanger	3 378	2 607
4649 Stad	9 637	7 437
4650 Gloppen	5 907	4 559
4651 Stryn	7 325	5 653
5001 Trondheim	215 034	165 953
5006 Steinkjer	24 091	18 592
5007 Namsos	15 128	11 675
5014 Frøya	5 556	4 288
5020 Osen	901	695
5021 Oppdal	7 437	5 740
5022 Rennebu	2 501	1 930
5025 Røros	5 682	4 385

Endring av Prop. 1 S (2024–2025) Statsbudsjettet 2025 under Kommunal- og distriktsdepartementet og Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (auka løyvingar til kommunar, fylkeskommunar og statsforvaltarar)

Tabell 1.2 Fordeling av auke i innbyggartilskotet til kommunane, fordelt med eit likt beløp per innbyggjar. Tal i 1 000 kr.

Kommune	Innbyggjarar per 1.7.2024	Beløp per kommune <i>(1 000 kr)</i>
5026 Holtålen	2 039	1 574
5027 Midtre Gauldal	6 142	4 740
5028 Melhus	17 667	13 635
5029 Skaun	8 533	6 585
5031 Malvik	14 995	11 572
5032 Selbu	4 241	3 273
5033 Tydal	779	601
5034 Meråker	2 462	1 900
5035 Stjørdal	24 854	19 181
5036 Frosta	2 646	2 042
5037 Levanger	20 653	15 939
5038 Verdal	15 373	11 864
5041 Snåsa	2 098	1 619
5042 Lierne	1 308	1 009
5043 Røyrvik	440	340
5044 Namsskogan	836	645
5045 Grong	2 313	1 785
5046 Høylandet	1 222	943
5047 Overhalla	3 965	3 060
5049 Flatanger	1 115	861
5052 Leka	595	459
5053 Inderøy	7 005	5 406
5054 Indre Fosen	10 056	7 761
5055 Heim	6 069	4 684
5056 Hitra	5 352	4 130
5057 Ørland	10 567	8 155
5058 Åfjord	4 331	3 342
5059 Orkland	18 804	14 512
5060 Nærøysund	9 980	7 702
5061 Rindal	1 950	1 505
5501 Tromsø	78 893	60 886
5503 Harstad	25 147	19 407

Tabell 1.2 Fordeling av auke i innbyggartilskotet til kommunane, fordelt med eit likt beløp per innbyggjar. Tal i 1 000 kr.

Kommune	Innbyggjarar per 1.7.2024	Beløp per kommune <i>(1 000 kr)</i>
5510 Kvæfjord	2 848	2 198
5512 Tjeldsund	4 235	3 268
5514 Ibestad	1 304	1 006
5516 Gratangen	1 068	824
5518 Lavangen	986	761
5520 Bardu	3 992	3 081
5522 Salangen	2 094	1 616
5524 Målselv	6 756	5 214
5526 Sørreisa	3 509	2 708
5528 Dyrøy	1 055	814
5530 Senja	14 873	11 478
5532 Balsfjord	5 551	4 284
5534 Karlsøy	2 227	1 719
5536 Lyngen	2 760	2 130
5538 Storfjord	1 829	1 412
5540 Kåfjord	1 965	1 516
5542 Skjervøy	2 782	2 147
5544 Nordreisa	4 849	3 742
5546 Kvænen	1 141	881
5601 Alta	21 770	16 801
5603 Hammerfest	11 297	8 718
5605 Sør-Varanger	9 983	7 704
5607 Vadsø	5 711	4 407
5610 Karasjok	2 529	1 952
5612 Kautokeino	2 839	2 191
5614 Loppa	846	653
5616 Hasvik	979	756
5618 Måsøy	1 110	857
5620 Nordkapp	2 979	2 299
5622 Porsanger	3 899	3 009
5624 Lebesby	1 227	947
5626 Gamvik	1 061	819

Endring av Prop. 1 S (2024–2025) Statsbudsjettet 2025 under Kommunal- og distriktsdepartementet og Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (auka løyvingar til kommunar, fylkeskommunar og statsforvaltarar)

Tabell 1.2 Fordeling av auke i innbyggartilskotet til kommunane, fordelt med eit likt beløp per innbyggjar. Tal i 1 000 kr.

Kommune	Innbyggjarar per 1.7.2024	Beløp per kommune <i>(1 000 kr)</i>
5628 Tana	2 792	2 155
5630 Berlevåg	885	683
5632 Båtsfjord	2 110	1 628
5634 Vardø	1 970	1 520
5636 Nesseby	863	666
Sum	5 571 741	4 300 000

=====

